

Månadsbrev mai 2016

Skiaktivitetsdagen vart flott, og ungdomsskulen hadde laga eit variert og kjekt føremiddagsprogram! På grunn av snøtilhøva, vart det overnattingstur til Grauthedlar i staden for til Tomannsbu for valfagselevane 7.-8. april, og det var god stemning både på skituren og rundt bålet om kvelden.

Verdas bokdag var variert, som de vonleg allereie har lese om på heimesida, og sjølv om det var få som kom på foreldremøtet 20. april, var dei som var der, nøgde. 2. klasse viste Oskeladden som kappåt med trollet for heile skulen 22. april, og rykta seier at dei var særst flinke. Rektor var dessverre på møte, og fekk ikkje sjå det sjølv.

10. klasse fortset med **årsprøve** i norsk (hovudmål og sidemål) og matematikk dei første skuledagane i mai, medan **fruktcupen** er godt i gang, og snart skal 5. og 6. klasse hoppa for hjartet. **Sommarles** held fram, og Vigdis informerte på morgonsamlinga for mai at i 2016 vert det ei premiering på småskuletrinnet og ei på mellomtrinnet. Valfagsgruppa i design og redesign reiser til Stavanger på glassblåsing 12. mai, og 8. klasse skal på MOT-samling på Tonstad 23. mai. Neste års førsteklasingar kjem på besøk i mai, og då vert det vonleg òg innskriving.



Hugs at det er **onsdagsskule** 4. mai, dvs. før langhelg i samband med Kristi himmelfartsdag, og 18. mai etter pinse og nasjonaldagsfeiring. Det er nok med to fridagar i veka!



Same dag får 10.-klassingane vita kva dei kjem opp i i skriftleg avgangsprøve (eksamen), og då vert det anten matematikk 20. mai, norsk 24. og 25. mai eller engelsk 27. mai. Dei to siste faga har ein førebuingssdag i førekant. Og så reiser dei på avslutningstur til Malta 4. juni!

Trass langhelg, vonar me flest mogleg blir med på 17. mai-feiringa på Sinnes! Skal de likevel ikkje kunna vera med, vil klassestyraren gjerne ha beskjed i god tid. På førehand **GRATULERER MED DAGEN!**



Sinnes 29.04.16, *Åse-Berit* (rektor)